



Dei yngste gjekk tre kilometer (Foto: Odd Steinar Arnesen)

Fredag var alle elevar og lærerar samla til idrettsdag på Heio. Dei møtte som vanleg på skulen og kom seg ut til arenaen til fots eller på sykkel.

Som førebuing til dagen hadde dei fleste klassane i gymtimane fått prøva seg på dei aktuelle øvelsane, slik at

dei var godt kjende med dei.

På bana var det laga til fem ulike aktivitetar: 60 meter, lengde, kast med liten og stor ball og uthaldenheit.

Dei som var gamle nok fekk sykla rundt dalen på tid, medan dei yngste gjekk tre kilometer. Elevane frå 10 år og oppover kunne ta idrettsmerket, Dei yngste fekk ei kjensle av kva som må til for å tilfredsstilla krava når dei blir gamle nok til å ta merket.

Det var ein fin dag på Heio sjølv om det var noko kaldt. Sola makta ikkje å pressa seg gjennom skodda. Elevane la for dagen stor iver og innsatsvilje i øvelsane og dei aller fleste var slitne og fornøgde då dei traska nedover dalen etter endt idrottsdag.

Av Odd Steinar Arnesen



Kast med liten og stor ball var blant øvelsane. (Foto: Odd Steinar Arnesen)